

Vinje kommune

Vinjevegen 192,

3890 Vinje

5. mars 2026

Høyringsuttale til reguleringsplan for Storlineset del 2 - 99/3

saksnummer 2021/527 og 2022/125

Oppsummering;

Planforslaget som er på høyring har eit omfang som gjev store negative verknader for omgjevnadene.

- Utbygginga tek i bruk heile det tilgjengelege arealet som tilhøyrer 99/3 i Storrlidalen og det vert ikkje urørte friluftsområde att på eigen eigedom.
- Utbygginga tek i bruk område som i nasjonal samanheng er ein truga naturtype i kategori sårbar. Det er påvist ein raudlista art, blanknål, i området som har status nær truga.
- Det er grunn til å uroe seg for at utbygginga vil ha negative innverknad på myrområda rundt, som det er nasjonalt fokus på å ivareta.
- Nærfriluftslivet vil bli sterkt skadelidande og dei tiltaka som er foreslege for å kompensere for dette er ikkje i nærleiken av å oppvege dei negative konsekvensane.
- Det vert lagt opp til å ta ut inntil 30 000m³ fast fjell som skal knusast til over 50 000m³ fyllmasser over ein periode på 10 år. Dette til stor ulempe for naboar og redusert verdi av opphald på hyttene.
- 4 tomter i Delområde 5 og 6 og ved søndre del av Nestjønna (T56,57,58 og 59) må vera i strid med KDP Vågslid som sett 20 m byggegrense frå mindre vassdrag. Og dessutan vil adkomstvegen berøre utløpsbekken frå Nestjønni.
- Det ligg svært godt til rette for ei alternativ utnytting som vert avgrensa til ei fortetting i tilknytning til eksisterande hyttefelt. Dette reduserar stort sett alle dei ulempene som vil vera konsekvensen av ei full utbygging. I tillegg vil dette kunne vera starten på ei meir skånsam utnytting av desse verdifulle heiområda og ikkje minst vera starten på ei nedtrapping av hyttebygginga i fjellet som er peika på som ei nasjonal utfordring. I tillegg vil ein unngå klimaeffekten av ei full utbygging, som er nye utslepp på nesten 2500 tonn CO₂-ekvivalenter over 20 år for dette byggetrinnet, men totalt over 5800 tonn CO₂ i et 20 års-perspektiv av utbygginga av heile den delen av 99/3 på 440 da som er omfatta av planen. Sjå vedlegg 1.

Vi har fylgjande kommentarar til det planforslaget som er på offentleg ettersyn.

Planforslaget er eitt av to planforslag som Plan- og miljøutvalet i møte den 29.10.2025 sak 113/25 vedtok at skulle ferdighandsamast før rullering av KDP Vågslid. Planen for Flåmyrane III, planID 20220001 vart vedteke i kommunestyret 21.10.2025. Planen er påklaga og oversendt til Statsforvalteren i Vestfold og Telemark til handsaming. Planen for Storrlineset del 2 er altså på offentleg ettersyn etter fleire rundar i kommunen med krav om tilleggsutgreiingar og endringar. Vi vil kort kommentere at det vel ikkje kan vera slik at dersom ein plan har vore lenge under handsaming så har den så lang «ansiennitet» at den må få godkjenning? Det må vel vera kvaliteten på plandokumentet og utgreiingane av konsekvensane av å gjennomføre planen som skal leggest til grunn for eit positivt vedtak. Etter vårt syn og som vi kommentarar under har dette forslaget til utbygging så store negative konsekvensar at det ikkje bør bli godkjent i den form det no ligg føre. I vedlegg 3 har vi samanstilt to flybilde eit frå 1968 og eit frå 2025 over Vågslid. Der ser ein kva som har gått tapt av natur i Vågslid i dei vel siste 50 åra. Skal det fortsette slik eller er det på tide med ein skikkeleg fot i bakken?

Arealbruk til hytter.

Sweco oppgjev at planområdet er på 439 daa. Det grensar hovudsakleg mot E134 i nord, hyttefelt i aust, Arbuvatnet i sør og ubygd areal i vest og at talet på nye hytter er 65.

I Vinje kommunes kartinnsynsløysing er arealet på denne teigen av g.nr 99 b.nr 3 oppgjeve til 386 da, og det same er talet i Statens kartverk sin database. Vi går ut frå at denne forskjellen er knytt til frådeling av hyttetomtene i fyrste utbygging av området.

I 2008 vart fyrste plan for Storrlidalen vedteke og då vart ca. 270 da av dei 440 da regulera, og det er bygd tett innpå 60 hytter på dette området. Held vi oss til arealtalet i kommunens kartdatabase så er det ca. 120 da igjen til dei 65 nye hyttene som no vert foreslege regulera. Det er etter vårt syn sterkt misvisande å oppgje antal hytter i del 2 av planen for Storrlidalen saman med totalarealet av heile denne delen av 99/3 utan å ta omsyn til at store delar av området alt er utbygd og grunnen omdisponert til utbygging og frådelt eigedommen. I planomtalen står det at gjeldande plan for Storrlineset skal opphevast når denne planen vert ferdig handsama og det er derfor alt omfang innanfor denne planen som må omtalast i planomtalen.

Korrekte tal er etter det vi har funne ut er da 439 da og tilsaman ca. 120 hytter. Til frådrag for dette kjem ca 40 da vassoverflate, som Storrlitjønnna og nokre mindre vatn. I tillegg er det byggeforbod nærmare Arbuvatnet enn 50m, 20 m frå Storrlitjønnna og Nestjønnna i fylgje KDP Vågslid § 5.1.

Dei oppgjevne arealtal er derfor etter vårt syn villeiande, og det er grunn til å stille spørsmål ved kvalitetssikringa av desse tala i saksførebuinga til det offentlege ettersynet. Som kjent er det kommunen som eig planen når vedtaket om offentleg ettersyn er fatta.

Naturverdi

Området er kartlagt og rapportert i FAUN rapport 024- 2022.

Kartleggingsresultatet viser at det området som planleggast nedbygd med ca. 70 nye hytter er eit urørt naturområde av naturtype boreal hei som er ei truga naturtype i kategori sårbar og har som har ein sentral økosystemfunksjon. I tillegg vart det påvist ein raudlista art, blanknål, som har status som nær truga.

Ut frå dette vert det konkludera med at tiltak i ubygdde naturområde vil gje negativt effekt på naturmangfaldet som fylgje av tap av natur og leveområde for ei rekkje artar. Størst negativ verknad vil tiltak i naturtypar etter Miljødirektoratets instruks og tiltak som påverkar raudlista artar ha. Naturtypen forsvinn sakte, men sikkert. Dette gjeld også generelt for boreal hei i Noreg, noko som er grunnen til at den er på raudlista for naturtypar i kategorien sårbar.

På denne bakgrunnen er det vanskeleg å sjå at nedbygging med vegar, hytter og anna infrastruktur er eit godt tiltak for å ta vare på naturverdiane i området. Sjå vedlegg 2.

I tillegg nemner ikkje kartleggings rapporten eit ord om myr, som utgjer ein stor del av dette området. I planomtala står det; *Utbygginga held seg unna myr*. I tilbakemeldinga frå Statsforvalteren står det; *Ein bør ikkje legge til rette for hytteutbygging der det er myr*. I høyringsnotatet om forbod mot bygging på myr står det; *Som nedbygging regnes alle midlertidige eller permanente tiltak på myra som **endrer vannbalansen** i jorda eller reduserer eller forringer myras økologiske funksjon eller funksjon som karbonlager*.

Det er grunn til å frykte at eit slikt inngrep som denne planen ynskjer å legge til rette for, vil endre vasshushaldninga i heile området som ligg innanfor dette nedbørfeltet. Det skal byggast vegar og ikkje minst grøfter til VA leidningar som skal sprengast ned i fjellet for å kunne føre avløpet til ein ny pumpestasjon. Desse må ha fall ut frå området og vil sjølvstøtt verke som dreneringsgrøfter for vatn som fell på overflate som snø eller regn. Mindre vatn vil kom til myrområda vest for utbyggingsområdet og vil dermed kunne minste mykje av sin gunstige effekt som leveområde for mange dyr, lagring av karbon med god klimaeffekt og fordrøyning av avrenning som verkar flaumdempande. Det er ikkje utan grunn at det vert arbeidd med eit nasjonalt forbod mot inngrep i myr med tilbakeverkande kraft også for allereie vedtekne planar. Det verkar ikkje særleg framsynt å vedta ein slik plan som dette med grunngjeving at ein « held seg unna myr».

I § 2.4 Miljøkrav er det knytt fylgjande plankrav til utbygginga;

Det skal ikkje byggast på inntakt myr og våtmark, og drenering/grøfting er ikkje tillate. Det kan leggjast veg, infrastruktur, skiløyper, tursti og liknande over myr under føresetnad at den økologiske funksjonen til myra ikkje vert forringa og ein følger desse foresegnene:

a. Veg over myr kan berre etablerast ved bruk av armering under fylling (geonett/geoduk). Det er ikkje tillat å etablere veg ved masseutskiftning eller fortrenging som metode.

b. Vatn- og avlaupstraséar som kryssar myr skal etablerast på ein slik måte at myras eigenskap og vassbalanse oppretthaldast. Myrmasse som fjernast ved etablering skal leggjast tilbake.

c. Skiløype over myr kan leggjast til rette med kavledekke.

d. Tursti kan leggjast på myra ved klopping eller gangbruar.

Her er det gode intensjonar, men så vidt vi har kunne lese oss til ingen oppskrift på korleis desse intensjonane skal oppfyllest.

Steinbrot og knusing.

Plan og miljø utvalet tok ikkje administrasjonens forslag om å ikkje tillate massetak innanfor planområdet til fylgje, men la dette inn at i planen. Konsekvensen av dette midlertidige massetaket er at det skal knusast inntil 30.000 m³ fast fjell som kan lagrast i området i en periode på inntil 10 år. Dette vil bli 54.000 m³ som knuste masser. (J.mfr. NS3420) Tidsperspektivet her er avhengig av at massane kan brukast lokalt innan den tid og kva vil skje med desse massane om dei ikkje er bruka innan den tid? Er det noko som hindrar at massane vert liggjande som eit permanent masselager?

Knusing av stein vil føre til auka mengde av støv og støy i områda rundt.

I planbeskrivelsen vert dette omtala slik; «Denne støyen vil vere kortvarig og er lagt til tider på året med lite aktivitet i hyttefeltet. Støymodellen syner at støyverdiane for eksisterande hytter vil halde seg under helsefarlege verdiar, men vil kunne bli oppfatta som plagsame av menneske med høg sensitivitet for støy. Støvtvikling bør ein overvake i produksjonsperioden. I etterkant av produksjonen av steinmassane vil massar ligge for lokalt bruk. Støy frå dette vil ikkje overstige vanleg anleggsstøy. Støvtvikling vil ikkje skje under lagring, men kan oppstå ved lasting/lossing og annan anleggsaktivitet. Lagringsplassen for knust stein er skjerma visuelt, og vil bli gradvis tømmt for stein.»

Det er verdt å merke seg at det kanskje er litt ulik oppfatning av bruken av omgrepet kortvarig. Dersom det vert gjeve løyve til dette uttaket av stein og påfølgjande knusing av massane vil vi som er naboar kunne pårekna at det i periodar av året vil vera sprenging, knusing, opplasting av masser, transport av masser og deponering av masser i 10 år framover frå løyve vert gjeve! Argumentet er at dette gjev mindre trong for transport av

masser inn i området. Det som gjev minst behov både for sprenging, knusing, opplasting og transport er å ikkje bygge ut dette området, men forsette å fortette i det området som alt er teke i bruk.

I tillegg må 12 tomter stå unytta i heile den perioden som massetaket er i bruk. Dette gjev ytterlegare færre hytter å fordele infrastrukturkostnadene på i alle fall i 10 år fram i tid.

Friluftsliv og rekreasjon

La oss med det same slå fast at det planlagde utbyggingsområdet er einaste attverande urørte friluftsområdet som høyrer til 99/3 på sørsida av E 134. Dersom ei slik utbygging som planlagt vert gjennomført vil det vera naboeigedommen som må halde dette hytteområdet med urørte friluftsområde. Området er frå naturens side eit komplett nærfriluftsområde med variert natur, små vatn, gamal fjellskog, store intakte myrområde og som har svært lett tilgjenge både sommar og vinter. Det er i tillegg svært velegna som turområde for småbarn, som har ein sjølvstendig verdi og som kommunen har plikt til å ta omsyn til i all planlegging. Jmfr RPR for barn og unges interesser i planlegginga.

Kommunen har, som lokal planmyndighet det primære ansvaret for at disse retningslinjene blir lagt til grunn i planleggingen. Dette gjelder uavhengig av hvem som fremmer planforslaget.

Kommunen skal sørge for at all planlegging etter plan- og bygningsloven som foregår i kommunen er i tråd med rikspolitiske retningslinjer for å styrke barn og unges interesser i planlegging.

Omtalen av friluftinteressene i planomtalen er i hovudsak ei omtale av tilretteleggingstiltak som skiløyper, grusa gangveggar og tilrettelagde opphaldsareal. Ingen plass er det lagt vekt på verdien av urørt natur som arena for utøving av det enkle naturnære friluftslivet. Som brukarar av dette nærfriluftsområdet både sommar og vinter frå 1965 har vi aldri sakna eit tilrettelagt opphaldsområde på turar både sommar og vinter. Det som heilt sikkert kjem til å bli eit stort tap er når dette flotte nærområdet blir omgjort til et hyttefelt med bilveggar, nedspregnte fjellknausar og store hytter med plattingar og ferdigplen. I tillegg vil heile området bli eit for barn trafikkfarleg leike område sidan alle skal køyre bil til hyttedøra både sommar og vinter.

I planomtalen vert dette oppsummera slik;

Utbygginga vil medføre reduksjon i naturområde i planområdet. Dette reduserer potensielt nærturområde kvantitativt. Ein må auke kvaliteten på dei attverande område, dette blir gjort med tilrettelegging av turveg langs vassdraget og tilrettelagte uteopphaldsområde. Tap av nærrekreasjonsområde blir kompensert med auka tilgjenge og kvalitet på dei attverande område.

Då er det sjølvsagt også ei trøyst at den nye turvegen kan kompensere tapet av nærturområdet med storslått utsikt til urørt natur på andre sida av Arbuvatnet;

Ny hovudsti langs vassdraget vil vere eit lokalt tilbod, som gjer det enkel for eksisterande og nye hytteeigarar å kome ned til vassdraget på. Stien vil gje varierte opplevingar, der ein både kjem gjennom små landskapsrom i sona før vassdraget, og kan oppleve den storslåtte naturen kring Vågslid villmark utan å krysse vassdraget.

Vi vil også rette merksemda mot 4 tomter i Delområde 5 og 6 ved søndre del av Nestjønni (T56,57,58 og 59). Plasseringa av desse må vera i strid med KDP Vågslid som sett 20 m byggegrense frå mindre vassdrag. Og dessutan vil tilkomstvegen krysse utløpsbekken frå Nestjønni.

Alternativt planforslag

I fylgje planforslaget er det lagt til rette for 23 tomter i tilknytning til det eksisterande hyttefeltet. (Sjå utsnitt av 3D modell under.)

Vårt forslag er å gå vidare med dette alternativet. Vi vil foreslå at bekken mellom Storrlitjønni og Arbuvatnet vert grense mellom hytteområdet og friluftsområdet. I et slikt alternativ kan heile området sørvest for bekken omregulerast til friluftsområde. Då kan den planlagde turvegen gå ut og tilrettelegginga kan avgrensast til å halde opne dei stigane som alt finnes i området og skjytte det verdifulle området mot tilgroing som er peika på som eit godt tiltak i kartleggingsrapporten. Etter vårt syn vil ikkje ein turveg rundt Storrlitjønni heller vera eit vesentleg bidra til å auke kvaliteten på friluftsområdet. Det er mange kilometer grusa gangveg i gjennom Storrlidalen både vest og austover. Dette vil vera godt tilrettelagt for dei som ikkje ynskjer å gå tur i terrenget. Om vinteren kan ein i prinsippet gå overalt, så lenge ein unngår alle vegane som alt kryssar skiløypa.

Vi meiner at med god planlegging og terrengtilpassing kan det plasserast fleire hytter enn dei 23 som alt er inne i planforslaget. Med denne løysinga kan også mykje av den etablerte infrastrukturen som vegar og leidningstrasear nyttast til denne utvidinga. Det vil gje vesentleg mindre naturinngrep og vera svært økonomisk gunstig for utbyggjar sidan den nye hyttefeltet må ha svært høge kostnader knytt til ny infrastruktur. I vårt alternativ kan utbygginga bli sett i gang mye raskare og med langt mindre ulemper for naboane og dei som alt eig hytter i området. Behovet for eit 10 år langt steinknuseprosjekt vil også falle bort og dette har store positive ringverknader for alle som har hytter i eller rundt Storrlidalen. Og den aller største gevinsten er at eit samanhengande nærfriluftsområde kan bevarast til glede for alle.


Med helsing

For 99/39
Sigrun Kildal Kåsa
Elin Kildal Kåsa


For 99/40
Marte og Oddvar Østvold

For 99/10 festenr. 1
Tore Kildal
Ellen Aga Kildal

Fortetting i eksisterende hyttefelt framfor nedbygging av urørte natur og friluftsområde er god forvaltning av sårbare område i fjellet.




Vedlegg 1



Vi har sett på klimagasseffekten av den totale utbygginga av heile den delen av 99/3 på 440 da som er omfatta av planen. Det er vel det som er den reelle effekten av tiltaket. Storlineset del 2 omfatta heile området og burde derfor vist klimagassberekninga for heile utbygginga. Då blir resultatet etter NIBIO sin klimagasskalkulator 5833 tonn CO₂ i et 20 års-perspektiv og ikkje 2500 tonn CO₂, altså meir enn dobbelt så stort.

Vedlegg 2



Kartutsnitt frå Miljødirektoratets naturkart base.

Kartutsnittet viser at heile det aktuelle utbyggingsområdet på Storrlineset er kategorisera som Naturskog som det ikkje er hogd i sidan før 1940. Det understrekar kor viktig det er å ta vare på slike område, når ein ser at desse verdiane er heilt borte i det utbygde området. Med den avgrensinga av utbyggingsområdet som vi har føreslege vest for bekken mellom Storrlitjønna og Arbuvatnet så ville alle desse verdiane vorte ivaretekne og utbygginga kunne vorte vidareført på område som allereie er omdisponera.

Vedlegg 3

